



Dato: 07.05.2021

PLANPROGRAM

Kommunedelplan for trafikksikring – Trafikksikringsplan for Bykle kommune 2021-2025

Vedtatt i KS 29.04.21, sak 49/21

Vår ref. 2020/625



Bykle kommune
Bykle ser langt



Innhold

1. Innleiing	2
1.1 Bakgrunn for planen.....	2
1.2 Formål og målsetting.....	2
1.3 Plantype, rettsverknad og konsekvensutgreiing.....	2
2. Sentrale føringar	3
2.1 Nasjonale føringar.....	3
2.2 Regionale føringar.....	4
2.3 Kommunale føringar.....	4
3. Gjennomføring av planen	5
3.1 Organisering og medverknad.....	5
3.2 Planprosessen	6
3.3 Framdriftsplan.....	7
4. Innhald i planarbeidet.....	8
4.1 Innhald	8



1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for planen

Bykle kommune sin trafikksikkerheitsplan har ein gyldigheit til 2020, og det er viktig at kommunen har ein oppdatert og velfungerande trafikksikkerheitsplan. Då planen sin gyldigheit er ut 2020 er det no behov for ein rullering av planen. Resultatet ein håpar å oppnå ved planarbeidet er trafikksikkerheitsplan for Bykle kommune 2021-2025.

I kommunen finn ein to definerte sentrumsområde, Bykle og Hovden. Det største sentrumet, med flest vegar og størst infrastruktur er Hovden. Hovden ligg øvst i Setesdal og er den største skidestinasjonen i denne delen av Noreg. Hovudfartsåra i Setesdal og Bykle kommune er Rv. 9, denne passera gjennom begge dei over nemnte sentrumsområda. I Bykle er vegen lagt utanom den mest sentrale bygningsmassen. På Hovden er Rv. 9 regulert vekk frå sentrum, men dagens situasjon er at vegen går innom «hovudgata» på Hovden.

Kommunegrensa går i sør frå Bjørnerå til Bjåen i nord, og likeins gjer Rv 9 som utgjer ei strekke på 51,7km igjennom kommunen. Då Hovden er ein stor skidestinasjon i denne delen av Noreg har det ført til etablering av ein del fritidsbustadar på Hovden og i områda rundt. Det er opp i mot 2700 fritidsbustadar i Bykle kommune. Som eit resultat av dette vil ein oppleve mykje trafikk i periodar som helger, ferier og høgtider. Det er viktig med ein oppdatert og god trafikksikringsplan for å kunne sikre dei fastbuande, hytte-folket og ferierande. Særs viktig er sikker skuleveg, både i Bykle og på Hovden, men også mellom bygdene.

Både dei nasjonale og regionale føringane for trafikktryggleik peikar mot det same, nullvisjonen – eit siktemål om at ingen skal bli drepne eller hardt skadd i trafikken.

1.2 Formål og målsetting

Formålet med denne kommunedelplanen er å ivareta trafikksikring og trafikksikringstiltak i kommunen sin planlegging og utvikling. Planen vil gi føringar for kva trafikksikringstiltak som kan utførast, både fysiske og ikkje fysiske tiltak.

1.3 Plantype, rettsverknad og konsekvensutgreiing

Kommunedelplan for trafikksikring er ein tematisk kommunedelplan etter plan- og bygningslova (§11-1) som tar vare på kommunen sine interesser, sektoransvar og mål knytt til trafikksikring. Planen skal samordne prioriterte tiltak mellom t.d. teknisk, plan, skule og barnehage mv.

I planen vil det bli utarbeida temakart over vegnett, trafikkretningar, farlege kryss og strekningar og elles andre ulykkes utsette områder. Dette vil ikkje vere juridiske kart, men vil retningsgivande for konkrete tiltak og .

Forskrift om konsekvensutredning gjeld for overordna planar som fastsett retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging. Denne kommunedelplanen vil ikkje regulere areala men gi overordna føringar og retningslinjer for trafikksikringstiltak og ansvarsområde. Statens vegvesen vil bistå med trafikksikringsvurderingar for Hovden. Ein vil og innhente ulykkesstatistikk, årsdøgntrafikktalet samt andre nøkkeltalet. Dette er naudsynt for å kunne spisse innsatsen til der behovet er størst, og det er viktig å få danna seg eit korrekt bilete av dagens situasjonen.



2. Sentrale føringar

Trafikksikring er eit tema som omfattar mange sektorar og aktørar. For å samordne trafikksikringstiltak innafor ein kommune må det samarbeidast på tvers av forvaltningsnivå, myndigheiter og ansvarsområde.

2.1 Nasjonale føringar

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit 2018-2021 framhevar at eit stort ansvar for arbeidet med trafikksikkerheit ligg hos kommunane som vegeigar, barnehageeigar, skoleeigar, arbeidsgivar, kjøper av transporttenester og som ansvarleg for bebuarens helse og trivsel.

Utdrag frå Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit 2018-2021 med fokus på nasjonale føringar for det kommunale arbeidet med trafikksikkerheit:

«Kommunene har ansvar for investeringer, drift og vedlikehold av det kommunale vegnettet. Som vegeier, har kommunen også et spesifikt ansvar for trafikksikkerhetstiltak på kommunale vegger. I henhold til folkehelseloven og plan- og bygningsloven har kommunen et generelt ansvar for å forebygge skader og ulykker lokalt. Kommunene har ansvar og virkemidler som kan bidra til økt innsats i det lokale trafikksikkerhetsarbeidet. De er store arbeidsgivere og kjøpere av transporttjenester. I tillegg er de eiere av barnehager og skoler. Organisering av trafikksikkerhetsarbeidet i kommunene varierer. Det er relativt få kommuner som har egne trafikksikkerhetsutvalg. I noen kommuner fungerer formannskapet som trafikksikkerhetsutvalg. Enkelte kommuner har egne utvalg med politiske representanter, mens andre igjen har lagt denne funksjonen til administrasjonen. Omlag 96 prosent av kommunene har utarbeidet egne trafikksikkerhetsplaner. Per januar 2018 hadde imidlertid kun 52 prosent av kommunene trafikksikkerhetsplan som er gyldig i 2018.»

Meld. St. 33 (2016-2017) Nasjonal transportplan 2018-2029

Nasjonale mål og hovudområda for innsats

Regjeringa vidarefører i Meld. St. 33 (2016-2017) Nasjonal transportplan 2018-2029 nullvisjonen og legger opp til eit nytt ambisiøst etappemål om maksimalt 350 drepne og hardt skadde i 2030, Regjeringa vil i planperioden rette innsatsen mot følgande fem hovudområde:

- Sikre vegar
- Risiko åtfærd i trafikken
- Spesielt utsette grupper i trafikken
- Teknologi
- Tunge køyretøy



I Nasjonal transportplan 2018–2029 er det satt av eit heilt kapittel til barnas roller og utfordringar i trafikken, dette er kapittel 7 «Barnas transportplan». I denne blir det lagt vekt på at barn må tas spesielt hensyn til i trafikken, og utvikle eit transportsystem som ivaretar dette hensynet til barn og unge på ein god måte.

Regjeringa vil:

- Legge til rette for at åtte av ti barn og unge skal velge å gå eller sykle til skolen
- Styrke trafikkikkerheten for barn og unge
- Legge vekt på barn og unges behov i planleggingen og utviklingen av transportsystemet
- At det skal legges vekt på hensynet til barn og unge i lokal og regional planlegging
- Følgje opp transportetatene og Avinor når det gjelder hensynet til barn og unge i utviklingen av transportinfrastrukturen
- Styrke kompetansen om trafikkikkerhet i barnehage og skole

2.2 Regionale føringar

I Handlingsprogram for trafikkikkerhet i Agder 2020-2024 står det i kapitel 1.3.2 Andre samarbeidspartnarar:

«Kommunene har en sentral rolle i trafikkikkerhetsarbeidet som vei- barnehage- og skoleeier, arbeidsgiver, kjøper av transporttjenester og ansvar for beboernes helse og trivsel. De fleste kommunene i Agder har egne trafikkikkerhetsplaner. Trafikkikkerhetsplanene innebærer at kommunene prioriterer tiltak for trafikkikkerhet og forankrer arbeidet i sine etater og i den politiske og administrative ledelse.»

2.3 Kommunale føringar

I kommuneplanen sin samfunnsdel blir det under KOMMUNIKASJON satt mål «Gul stripe til Hovden», og delmål er å:

- Vere aktive i høve til regional og nasjonal vegutbygging.
- Prioritere gåande og syklande i planlegging.
- Legge til rette og satse på kollektiv transport.
- Få på plass tilbod om grendebuss og taxi.

«Vegutbygging er ein viktig premissleverandør for å kunne satse sterkt på reiselivet i Setesdal. For Bykle kommune sin del er infrastruktur sjølve berebjelken for næringsutvikling. For Agderfylka har det vore viktig å få gode vegar i «ankeret» på Sørlandet, Rv 9, E 39 og E 18. Målet om gul stripe frå Kristiansand til Hovden er delvis oppfylt. Det ligg i dag klare fleire vedtekne reguleringsplanar på utbetring av riksveg traseen. Opprusting av resten av Rv 9 for å nå målet om gul stripe til Hovden innan 2023 i kampen med andre strekningar er utfordrande, og må prioriterast i åra framover.»



3. Gjennomføring av planen

Planen gjennomføres som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova kapittel 11.

3.1 Organisering og medverknad

Planen utarbeidast som ein kommunedelplan der kommunen er ansvarleg for gjennomføring av arbeidet. Styringsgruppa består av representantar frå Statens vegvesen, Agder fylkeskommune, Trygg Trafikk og Politi. Den administrative arbeidsgruppa består av representantar frå planavdelinga, med eit samarbeid med barn- og unges representant og teknisk drift og eigedom. I innspelsfasa vart det etablert ei ressursgruppe med representantar frå tungbilnæringa (både kollektivtransport og bygg- og anlegg), representant frå Fjellgardane skule og Bykle barne- og ungdomskule, ungdomsrådet, Bykle idrettslag, Bykle næringsråd, representant frå råd for personar med nedsett funksjonsevne og engasjerte innbyggjarar. Denne vil bli involvert i det vidare arbeidet. Hovudsakleg vil sjølve utarbeidinga av planen ligge til planavdelinga, men som nemnt med samarbeid ved andre avdelingar i kommunen. Saman med styringsgruppa og ressursgruppa håpar ein på å få god medverknad og eit godt samarbeid regionalt, med ein plan som er oppdatert og representativ for den utviklinga som er ønska lokalt, regionalt og nasjonalt.

Gjennom ein brei medverknadsprosess skal det informerast om arbeidet og innhentast innspel frå innbyggjarar, skular, barnehagar, lokale næringar/arbeidsplassar.

Varsel om oppstart av planarbeid vart publisert i Setesdølen, samt på kommunen si heimeside under kunngjeringsar, og det vart sendt ut varslingsbrev.

Dette er ordlyden av det som vart annonsert i varsel om oppstart av planarbeid. Det var kjekt å sjå at det kom inn mange gode innspel til planarbeidet.

Kommunen ynskjer å få innspel når det gjeld alle forhold som innbyggjarar, organisasjonar, næringslivet mv. er opptekne av i forbindelse med trafiksikkerheit. Dette kan vere både fartsgrenser/skilting, trafikkfarlege punkt/strekningar, behov for fortau og gang-/sykkelvegar, fysiske tiltak for å redusere hastigheit, siktbetrande tiltak, vegomlegging, vegutviding, belysning, busslommer, fotgjengarkryssingar, skuleskysordning, opplæring/haldningsarbeid mv.

Det vil bli halde eit oppstartsmøte der vi inviterer ungdomsrådet, lag- og foreiningar (både idrettslag og næringsforeiningar frå Hovden og Bykle), skule og barnehage, transportnæring, bygg og anlegg, landbruksnæringa og ulike trafikkant grupper. Dette blir gjort for å få gode innspel frå dei som gjerne ferdast mykje langs vegane. Dei vil også bli involvert vidare i planarbeidet, og får mogelegheita til å gå gjennom planforslag før politisk førstegangshandsaming. Desse utgjør ei ressursgruppe som den administrative arbeidsgruppa vil få stor nytte frå. Tanken er også å få til fysiske møter dersom smittesituasjonen tilseier dette.



3.2 Planprosessen

Planprosessen skal resultere i forslag til «Trafikksikringsplan for Bykle kommune 2021-2025». Utarbeiding av planen vil være ein dynamisk prosess som involverer ein rekke partar.

Varsling av planarbeid og utlegging av planprogram på høyring

- Framlegg til planprogram kunngjerast i avis og kommunen si nettside og sendast på høyring og offentleg ettersyn.

Vedtak av planprogram

- Innkomne merknadar blir gjennomgått før planprogrammet blir vedteke av Kommunestyret.

Førsteutkast av planforslaget

- Førsteutkast blir lagt fram til drøfting med ressursgruppe og styringsgruppe før handsaming i planutvalet. Sendast på høyring og offentleg ettersyn.

Endeleg vedtak av plan

- Revidert planutkast etter innspel og merknader frå høyring og offentleg ettersyn blir endeleg vedteke i kommunestyret.

Forslag til planhorisont/periode. Planrevidering på 4 års intervall/valperiode.

- Første periode: 2021 – 2025
- § 11-4. Revisjon av kommuneplanens samfunnsdel og kommunedelplan og rullering av handlingsdel. Handlingsdelen til planen skal rullerast årleg, jf. pbl §11-1, kommunen skal innhente synspunkt frå berørte statlege og regionale organ og andre som har ansvar for gjennomføring av tiltak i handlingsdelen.



3.3 Framdriftsplan

Kva	Kven	Når
Vedtak om planoppstart og forslag til planprogram ut på høyring og off. ettersyn	Planutvalet	Oktober
Varsel om planoppstart og forslag til planprogram - Offentleg ettersyn og høyring <ul style="list-style-type: none">• 4 vegers frist på innspill om konkrete tiltak i trafikksikkerhetsarbeidet• Frist på min. 6 veker for å komme med merknader til planprogrammet		Oktober – november
Planprogrammet blir fastsatt	Kommunestyret	Desember – januar
Planforslag blir lagt fram for gjennomgang av ressursgruppe og styringsgruppe før politisk behandling	Ressursgruppe og styringsgruppe	Februar – mars
Førstegongs handsaming av planforslaget/vedtak av planforslag til offentlig ettersyn og høyring	Planutvalet	Mars
Forslag til Trafikksikringsplan for 2021-2025 til offentlig ettersyn og høyring. (min. 6 veke)		Mars
Endelig vedtak av plan	Kommunestyret	Juni



4. Innhald i planarbeidet

4.1 Innhald

Disposisjon/oppbygnad av rapport:

- 1 Innleiing
 - 1.1 Prosess
 - 1.2 Ansvarsdeling i trafikksikringsarbeidet
 - 1.3 Nasjonale og regionale føringar i trafikksikkerheitsarbeidet
 - 1.4 Status kommunale planar
- 2 Presentasjon av kommunen
 - 2.1 Busetnad og folketal
 - 2.2 Veg og trafikkmønster
 - 2.3 Arbeidstakarar og pendling
 - 2.4 Skular og skuleskyss
 - 2.5 Status Bykle kommune
- 3 Trafikkbiletet
 - 3.1 Nye tiltak
 - 3.2 Personskadeulykker
- 4 Prioritering av tiltak for perioden 2021-2025
 - 4.1 Om tiltak i planen
- 5 Handlingsplan kopla til økonomiplan
 - 5.1 Fysiske tiltak
 - 5.2 Førebyggjande og haldningsskapande tiltak
 - 5.3 Organisatoriske tiltak
 - 5.4 Budsjett og utbyggingsavtalar